

Temaplan, påskeførebuing		Ytre Hafstad barnehage
Periode:	Veke 11 og 12	
Tema:	Påskeførebuing	
Utgangspunkt i rammeplanen:	Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn. Personalet skal:	
Kap 9 Fagområda i barnehagen. Etikk, religion og filosofi S 54-55	<ul style="list-style-type: none"> - gi barna kjennskap til og markere merkedagar, høgtider og tradisjonar i den kristne kulturarven og andre religionar og livssyn som er representerte i barnehagen - samtale med barna om religiøse og kulturelle uttrykk og vere bevisste på korleis deira eigen deltaking kan støtte og utvide tenkinga til barna 	
Hovudmål:	Formidle den kristne påskebodskapen og fokus på påsketradisjonar	
Delmål:	<ul style="list-style-type: none"> • Bli kjende med eit utval forteljingar frå Bibelen om Jesu liv og gjerningar • Bli kjende med kva påskeforteljinga handlar om, og kvifor vi feirar påske • Formidle ulike påsketradisjonar og glede oss saman over førebuing til høgtida 	
Aktivitetar:	<p>Høgtider og merkedagar som høyrer til andre religionar enn kristendom blir formidla om på dei avdelingar som har barn eller tilsette som feirer/markerer desse.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kyrkjebesøk: 4 åringane på Kulpen og Fjellet måndag 11.3. Skogen tysdag 12.3. • Påskefrukost: Torsdag 21.3 inviterer vi barn, foreldre og sysken til frukost på avdelinga til barnet • Persisk nyttår: 21.3 • Bøker, forteljingar og dramatisering: <ul style="list-style-type: none"> ◦ Historier om Jesus som barn og vaksen, t.d. Jesus 12 år i tempelet, Sakkeus, Jesus og barna, Jesus stiller stormen ◦ Påskeforteljinga om hendinga på dei ulike påskedagane palmesøndag, skjærtorsdag, langfredag og påskemorgon, samt samlingar om påsketradisjonar (egg, kyllingar, fjell og ski, sjø og båt, påskeliljer, gul farge ...) • Ein dag veka før påskeveka: påskerebus/«egg-jakt» • Songar: «Ein liten kylling i egget låg», «Liten kylling satt på eit hønsetak», «Sov du vesle spire ung», «Dine hender var fulle av blomster», «Påskemorgon» m.fl. • Formingsaktivitetar; t.d. så karse, lage kyllingar/egg <ul style="list-style-type: none"> ◦ kvar avdeling vel formingsaktivitetar som passar for deira aldersgruppe ◦ alle barna skal få lage ein påskepynt som dei skal få ta med heim 	

